



Høgdepunkt i kyrkja også i fjor: Konfirmasjon med 300 i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter gudstenesta i dag var det kyrkjelyd-årsmøte og av statistikken for fjoråret frå soknerådet gjekk det fram at kyrkjebesøket er stabilt.

I 2010 var det 1519 deltakarar i 19 gudstenester på søn- og helligdagar medan tala dei to føregåande åra var 1473 i 20 og 1807 i 21 gudstenester.

Det var i snitt 80 deltakarar pr. gudsteneste i fjor mens det er plass til 220 i kyrkja når galleriet blir teke med. Det var også ein gudsteneste på ein kvardag i fjor og i den var 134 til stades.

Talet på gudstenester med nattverd var 6 med 24 nattverdgjestar i snitt. 172 deltok i 2 konsertar.

Ein uskedeling meldte seg ut av kyrkja i fjor medan ingen kom inn. 13 vart døypte mot 10 året før og 13 konfirmerte mot 10 året før.

Eit par vart vigde mot 7 året før og 7 gravlagde mot 11 året før.

Takkoffer til misjon og nødhjelp med meir kom opp i 33.319 kroner og takkoffer til kyrkjelydsarbeid var 10.522 medan konfirmantane samla inn 13 260 under fasteaksjonen.

Det er soknerådsval til hausten og leiar Møyfrid Kristoffersen opplyste at det ikkje var lett å få ja frå 11 kandidatar.(6 faste og 5 vara) Leiar og nestleiar blir valde kvart år og desse 2 er attvalde for 2011. Gunnbjørg Stensletten Eik er nestleiar.

I haust skal det vera konfirmantjubileum for dei som vart konfirmerte for 50, 60 og 70 år sidan ifjor og i år.

Leiaren kunne melda frå vedlikehaldsplanen til Fellesrådet for i år og neste år at det skal skiftast takrenner og gjennomførast ymse malearbeid både inne og ute. Satsinga har samanheng med 100-årsjubileet i 2014 som mellom anna skal markerast med jubileumsskrift skrive av Kaare Skaala.

- Det er grunn til å glede seg over skriftet på førehand, meinte leiaren og minte om boka som Skaala skreiv om Rosendalskyrkja.

Av Ola Matti Mathisen